

Sakshandsamar:

Susan Husabø
E-post: Susan.Husabo@sfj.no
Tlf.: 57638150

Vår ref.

Sak nr.: 17/6584-1
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

31004/17

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 22.08.2017

Notat

Frå: Fylkesdirektøren
Hovudutval for opplæring

Til:**Kopi til:****Status inntaket til skuleåret 2017-18**

I første inntak, 5.juli, vart det teke inn 4030 søkjarar med ungdomsrett, det var 286 ledige plassar og 158 søkjarar som ikkje hadde fått tilbod om skuleplass.

Andre inntaket var klart for søkjarane 29.juli. Då var talet inntekne 3967, færre inntekne pga dei som takkar nei til plassen eller ikkje svarer innan fristen. (Ikkje svar vert handsama som nei-svar)

Etter andre inntaket var det 387 ledige plassar og 93 søkjarar som ikkje hadde fått tilbod.

65 nye søkjarar fekk tilbod i andre inntaket.

Då skulane tok over inntaket 14. august var det 88 søkjarar som ikkje hadde fått tilbod om skuleplass. Skulane fekk liste over desse søkjarane av fylkesdirektøren og starta arbeidet med å tilby dei ledige plassane til søkjarar utan tilbod. Per 22.august er det 10 søkjarar som ikkje har fått eit tilbod. Ikkje alle har takka ja til tilbodet dei har fått.

Der det blir ein ledig plass til tilbod med venteliste, skal inntaket skje etter ventelistene. Av erfaring veit vi at det skjer mange endringar ved skulane rett etter skulestart, og mange av dei som har takka nei til tilbod dei har fått, rykker opp på ventelistene og får tilbod dei helst vil ha.

Skular som framleis har ledige plassar etter at søkjarar med ungdomsrett har fått tilbod, har teke inn søkjarar med fullføringsrett, vaksenrett og ikkje-rett.